
Frå: Haakon Aase <haa-aase@online.no>
Send: torsdag 7. februar 2019 19:35
Til: Bjørnar Norvald Langeland; Arnt Brakstad; Eirik Bouwer Utne; Arne Mjåtveit
Emne: Rapport frå Roger - Eliashuset
Vedlegg: Elias Mjåtveit førebels tilstandsvurdering.pdf

Hei!

Vedlagt førebels rapport som vart levert alt no i ettermiddag. Han har ikkje opplyst noko om kostnaden ved ei meir utførleg tilstandsvurdering, men har lovd meg at han skal ta dette opp i firmaet med tanke på at vi skal få ein prislapp på ei slik vurdering.

Eg har begynt å jobba på ein søknad om tilskot til sikrings-/strakstiltak. Roger har rekna dette til ca. kr 20.000 eks. mva. med kjøp av to solide presenningar og arbeid. Så eg har sett opp eit budsjett der eg har lagt på litt for demontering av det totalskadde tilbygget av nyare dato. Eg reknar med at det skal vera mogleg å få noko frå Kulturminnefondet til dette. Dei har ein konto for slike strakstiltak.

Beste helsing
Haakon